



Bjørn Kåre Vågenes Eiendom

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/73 - 16/6601

Saksbehandlar:

Hogne Askeland

hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:

13.05.2016

## **Byggesak Gbnr 28/80 Kvalheim nedre - Radøytunet - mellombels asylmottak - søknad om endra utsleppsløyve - godkjenning**

Delegasjonssak nr.: 119/2016

Vedtak etter forureiningslova § 11, jf forureiningsforskrifta § 12-5

### **Saksutgreiing:**

**Adresse:** Marøyvegen

**Tiltakshavar:** Bjørn Kåre Vågenes

**Type utslepp:** Sanitært avløpsvatn med utslepp inntil 170 PE

### **Saksutgreiing:**

#### **Tiltak**

Søknaden gjeld endra utsleppsløyve for gnr. 28 bnr. 80, Radøytunet med tilhøyrande bygningar. Utsleppet si størrelse er opplyst til maksimum 170 PE.

Det vert elles vist til søknad mottatt 06.04.2016.

#### **Rettsleg grunnlag**

Etter forureiningslova § 11 og forureiningsforskrifta § 12-3 kan ingen setja i verk utslepp eller auke eksisterande utslepp utan at det ligg føre søknad og løyve til utslepp etter forureiningsforskrifta § 12-5.

Søknad skal handsamast etter Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) av 13. mars 1981 jf. Forskrift om begrenning av forurensing (forureiningsforskrifta) av 1. juni 2004.

### **Planstatus**

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Radøytunet , planid. 12602000000100, er definert som Byggeområde for gjestehus/serveringsstad .

### **Nabovarsel**

Søknad om bruksendring til asylmottak er nabovarsla i samsvar med pbl. §21-3 den 15.01.16. Tiltakshavar har ved e-post av 01.02.16 stadfesta at det ikkje ligg føre merknader frå nabo.

Radøy kommune legg til grunn at endring av utseppsløyve er tilstrekkeleg nabovarsla i samband med bruksendringssøknaden.

### **Status eksisterande anlegg**

Eigedomen er i dag knytt til privat avlaupsanlegg. Det ligg føre utseppsløyve datert 25.09.85 frå Radøy kommune og frå Fylkesmannen i Hordaland datert 29.08.1983. Løyvet gjeld utsepp til djup sjø (20 meter) via 3-kammer slamavskiljar og med krav om tømning 2. gongar per år, og er godkjent for 75 PE. Utsleppet frå septiktanken går i dag gjennom ein 110mm pe-50-pn6 leidning til – 20m. i sjø. Lindås Rør og Sanitær AS har stadfesta at dette er rikeleg stor dimensjon for dette utseppet.

### **Ekstern vurdering**

Asplan Viak avdeling for Vann og Miljø har hatt søknaden til uttale. Det ligg føre følgjande uttale i e-post datert 13.05.2016:

Vi har gjort følgjande beregninger:

- En beregning med antatt spillvannsproduksjon = 150 l/pe\*døgn og innlekking = 150 l/pe\*døgn, altså same mengder som det er anvendt til beregning av slamavskiller i Radøy kommunedelplan.
  - Gir 11 tømninger i året er nødvendig
- En beregning med litt lavere innlekking (100 l/pe\*døgn) og fortsatt antatt spillvannsproduksjon = 150 l/pe\*døgn. Ved å bruke innlekkingsmengde på 100 l/pe\*døgn får vi same størrelser på slamavskiller som oppgitt i søknaden.
  - Gir 6 tømninger i året er nødvendig

Vi antar at det er et kort ledningstrekk fram til slamavskilleren og at det dermed er mindre sannsynlighet for stor innlekking. Dvs. at vi foreslår at det gis løyve, men at tilstanden på ledningsnettet fram til slamavskiller må dokumenteres. Det må ikke være feilkoblinger (f.eks taknedløp til avløpsledning, tilkoblet utvendig sluk osv.) Det bør kjøres en videokontroll av avløpsledningen, gjerne en dag det regner eller har regnet en del.

BIA Miljø AS har på oppdrag frå Lindås Rør & Sanitær AS har vurdert behovet for tømning ved 170 PE for ein slamavskiljar på 23m<sup>3</sup> til å vere 6 gonger pr. år.

Lindås Rør og Sanitær AS har gjort følgjande vurdering, datert 05.04.16:

**Deres ref: Einar Færø. Sak 16/1708 Gbnr.28/80 Kvalheim nedre, Radøytunet.  
Mellombels asylmottak, søknad om auka utsleppsløyve.**

Lindås Rør & Sanitær AS har fått i oppdrag frå Radøytunet AS ved Bjørn Tore Vågenes og Sjø på kva han kan gjera for og få løyve for ekstra utslepp i forbindelse med mellombels Asylmottak på Radøytunet.

**Dei har i dag eit godkjent utslepp for 75 pe med ein 23m<sup>2</sup> septiktank med tømning 2 ganger pr.år.** Utsleppet frå septiktanken går i dag gjennom ein 110mm pe 50 – pn6 ledning til - 20m i sjøen. Denne utsleppsledningen er rikeleg stor for dette utsleppet. Dette i følgje dei godkjente planane med teininger som ligg i dag.

At det er utført omtrent slik kan me sjå heilt fram til ledningen går ut i sjøen, så ein må derfor gå ut i frå at resten ut i sjøen også er utført etter dei planer som ligg der.

Dersom kommunen vil ha dette dokumentert, kan me leiga inn dykkerfirma for og få dette bekrefta både visuelt og med video av sjøledningen.

**Det som er vorte forespeila for oss, er auke i utsleppet til 170 pe for eit mellombels Asylmottak.**

Dersom det hadde vore eit permanent Asylmottak det var snakk om, måtte dei nok ha auka størrelsen på septiktanken frå 23m<sup>3</sup> til 37,2 m<sup>3</sup> med tømning 2 ganger kvart år.

Eller til 58,4m<sup>3</sup> med tømning 1 gang kvart år. Sjø vedlagte utrekningar får Bia Miljø AS.

Men sidan det her er snakk om eit mellombels Asylmottak for 1 eller kanskje 2 år virker dette som ei uforholdsmessig dyr løysing i første omgang.

Me vil derfor på vegne av Radøytunet AS, søkja om at deifår eit mellombels utsleppsløyve for 170pe med bruk av eksisterande septiktank på 23m<sup>3</sup> med tømning 6 ganger pr.år.

Me trur dette vil vera ei god løysing i 1 eller 2 år framover, til ein ser korleis behovet vert.

Dersom det etter eventuelt 2 år viser seg og verta eit permanent Asylmottak, må så Radøytunet ta kostnaden med og skifta ut den eksisterande septiktanken med ein som er stor nok etter dagens krav, og til den mengde pe som då vil synest passeleg for det eventuelt permanente Asylmottaket.

## **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart i målestokk 1:5000 eller større, jf. forureiningsforskrifta § 12-4 nr 1 d.

## **Privatrettslege rettar**

Anlegget er plasserast på tiltakshavars eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege løyver.

## **Drift og vedlikehald**

Avløpsanlegget og avløpsnettlet skal byggjast, driftast og vedlikehaldast med særleg vekt på førebygging av lekkasjar og avgrensing forureining i sjø som følgje av overløp. Overløp skal først inn på utsleppsleidning. Reinseanlegget og avlaupsnettlet skal dimensjonert, byggjast, driftast og vedlikehaldast slik at omgjevnadar ikkje vert utsett for sjenerande lukt frå anlegget. Anlegget skal driftast og vedlikehaldast av fagkunnig personell slik at anlegget har tilstrekkeleg yteevne under alle klimatiske forhold som er normale for staden det ligg. (jf. forureiningsforskrifta §13-11 Utforming og drift.)

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at eigar inngår drift og vedlikehaldsavtale av anlegget jf. forureiningsforskrifta § 12-13. (Ref. kommentar til forureiningsforskriftens kapitel 11: generelle bestemmelser om avløp.)

Driftsavtalen skal innehalde informasjon om servicebesøk, beredskapsordning, årsrapportering, leveranse av delar og eventuelle andre forhold av forureiningsmessig betydning.

#### **VURDERING:**

##### **Reinsekraft og plassering**

Søknad om endra utsleppsløyve kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre i høve plassering og storleik. Dvs. slamavskiljar med dimensjon på 23m<sup>3</sup> med tett leidning til sjø.

Tømmefrekvens skal vere ved behov og minimum 6 gongar årleg.

#### **Vedtak:**

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3, 12-4 og 12-5 og vert det godkjent endring av eksisterande UTSLEPPSLØYVE til inntil 170 PE som omsøkt på følgjande vilkår:**

1. Reinseanlegget og avlaupsnettert skal dimensjonerast, byggjast, driftast og vedlikehaldast slik at omgjevnadar ikkje vert utsett for sjenerande lukt frå anlegget. Anlegget skal driftast og vedlikehaldast av fagkunnig personell slik at anlegget har tilstrekkeleg yteevne under alle klimatiske forhold som er normale for staden det ligg. (jf. forureiningsforskrifta §13-11 Utforming og drift.)
2. Løyvet vert gjeve for 6 år, i samsvar med mellombels bruksendringar av bygningsmassen på Radøytunet, til bygningskode 529 Annan bygning for overnatting – asylmottak.
3. Løyvet gjeld inntil 170 PE. Skulle utsleppet overstige 170 PE må det søkjast om endring av løyve.
4. Anlegget skal tømmast ved behov, minimum 6 gongar årleg.
5. Avstand til plass med moglegheit for parkering av tømmebil må vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggast lågare enn at løftehøgda til tømmebil (ikkje overstig 8 meter).
6. Alt arbeid skal følgje føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

#### **Gebyr**

Med heimel i forureiningslova § 52 a og gebyrregulativ vedteke av kommunestyret 11.12.14 vert det følgjande gebyr i saka:

KODE 17.2.1 b	Utsleppsløyve 51 – 2000 PE	kr	6 400,00
<b>SUM</b>		<b>kr</b>	<b>6 400,00</b>

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

### **Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Radøy kommune er forureiningsmyndigheit og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget dekkar kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. lokal føresegn § 14, forureiningslova kap. 7 og gebyrregulativ for Radøy kommune kap. 17.3.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsmyndigheita oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om nødvendig kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. lokal føresegn § 14 og forureiningsforskrifta § 12-14.

**Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.**

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 16/73

### **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland  
konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Bjørn Kåre Vågenes Eiendom  
Lindås Rør og Sanitær AS